



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 09.11.2017

Møtestad: Konferanserommet

Møtetid: 09:00 - 12:00

Orientering om velferdsteknologiprosjektet i Nordhordland fra klokka 0900 - 1000, ved Helga Ellingsen og Elin Eikemo

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Linda Næset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	Forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
049/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
050/2017	Godkjenning av møtebok
051/2017	Orienteringssaker
052/2017	Etablering av Vest brann- og redningsregion
053/2017	Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav
054/2017	Tertiarrapport nr 2 - 2017

Notat frå møtet:

049/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

050/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

051/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om ordførar på vegne av kommunestyret kan gje tilbakemelding om dårlig kvalitet på utført asfaltarbeid og manglande asfaltering. Ordførar orienterte kort om kontakten han har med Statens vegvesen, og at dei av økonomiske årsaker prioriterer det som absolutt må utbetraast og ikkje alt som bør asfalterast. Ordførar vil på vegne av kommunestyret sende ei tilbakemelding til Hordaland fylkeskommune, med vedlagte bilete som viser behovet for meir og betre asfaltering.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om eventuelle økonomiske konsekvensar for Modalen dersom dei føreslåtte endringane i Statsbudsjettet om eigedomsskatt for verk og bruk vert vedteke. Ordførar orienterte om at forslaget først og fremst inneber å fjerne eigedomsskatt på produksjonutstyr og ikkje på bygning og tomt. Forslaget omfattar ikkje vannkraft- og vindkraftanlegg, men det er foreslått å fjerne eigedomsskatt på kraftledningar og tilhøyrande nettanlegg. For Modalen vil dette forslaget medføre omlag 600 000 kr i redusert inntekt på eigedomsskatt, med ein overgangsperiode på 5 år

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

052/2017: Etablering av Vest brann- og redningsregion

Behandling:

Ordførar orienterte om den siste utviklinga i denne saka, med hovudvekt på at Lindås kommunestyre i sitt møte 2. nov gjorde vedtak om å ikkje bli medlem i Vest brann- og redningsregion. Med bakgrunn i dette tilrådde ordføraren at heller ikkje Modalen vert medlem i Vest brann- og redningsregion, då Modalen er ein del av eit interkommunalt samarbeid i Lindås, Meland og Modalen brannvesen.

Ordføraren kom med framlegg om å gjere følgjande vedtak: "Modalen kommune har eit samarbeid med Lindås og Meland på brannvern. Modalen kommune vel å følgje Lindås si avgjerd, og vil ikkje bli medlem i Vest brann- og redningsregion."

Kjetil Eikefet kom med framlegg om å bruke ordlyden i pkt 1 i vedtaket til Lindås kommunestyre:"Modalen kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion. Kommunestyret ser ikkje at samarbeidet tilfører noko nytt som ikkje allereie er sikra gjennom eksisterande samarbeid."

Kristin Nåmdal kom med framlegg om å gjere følgjande vedtak: "Modalen kommune har eit interkommunalt samarbeid med Lindås og Meland på brann og redning. Modalen kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion på noverande tidspunkt."

Etter diskusjonen om dei ulike framlegga, vart Kristin Nåmdal sitt framlegg lagt fram til avrøysting, og vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune har eit interkommunalt samarbeid med Lindås og Meland på brann og redning. Modalen kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion på noverande tidspunkt.

053/2017: Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om innhaldet og bakgrunnen for regulering av avgiftene
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Fellesrådet i Mo sokn sitt framlegg om regulering av feste- og gravferdsavgiftene for grav vert godkjent slik det ligg føre

054/2017: Tertiarrapport nr 2 - 2017

Behandling:

Økonomisjef gjekk gjennom økonomistatus pr 31. aug 2017 og forslag i Statsbudsjettet for 2018 til endringar i eigedomsskatt for verk og bruk.

Rådmannen gjekk gjennom budsjettprosessen og utfordringar knytta til redusert eigedomsskatt i 2018 og åra framover. Rådmannen orienterte om rammer og føresetnader frå statsbudsjettet for budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021. Dei frie inntektene for 2018 vil utgjere ca 45,3 mill, noko som er ein auke frå 2017 på 2,3%. Gjennomsnittleg løns- og prisvekst for 2018 er berekna til 2,6 %. Eigedomsskatten vil bli redusert frå 19,4 mill i 2017 til ca 15,8 mill i 2018, noko som gjev ein reduksjon på ca 3,6 mill. Den totale økonomiske ramma kommunen har til disposisjon for 2018 vil såleis vere redusert med ca 3,6 mill i forhold til 2017. Budsjettframlegga frå tenesteleiarane viser ein auke på ca 5 mill i forhold til budsjettet for 2017. Det er såleis eit gap på ca 8,6 mill som må salderast for å kome i hamn med neste års budsjett. Administrasjonen tek dette arbeidet vidare i samarbeid med leiargruppa.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Økonomirapport pr 2. tertial vert teken til orientering.

Det vert vedteke slik justering:

Endring i driftsbudsjettet:

Løyving til innkjøp av ny heis, jfr F-sak 030/2017 kr 92 500 finansiert med dekning frå disposisjonsfond.
